



Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 24.09.2018

Saksnummer: 18/19541-2

Deres ref.:

Høyringsvar -Rapport om alternativer for regulering av pasientforløp og registrering av ventetid

Stavanger kommune takkar for tilsendt høyring omhandlande rapport om alternativer for regulering av pasientforløp og registrering av ventetid.

I rapporten frå Helsedirektoratet vert det presentert 3 ulike modellar for registrering og regulering av pasientforløp i spesialisthelsetenesta.

Kapittel 2 tek for seg definisjonar i dagens ventelistegaranti-modell, og gir vidare ein gjennomgang av dagens modell, med ei utførleg listing av indikatorar og målepunkt, deira styrker og avgrensingar.

I rapporten sitt kapittel 3 har ein sett på fleire relevante land (Sverige, England, Canada, Danmark, Nederland, Finland og New Zealand)sine modellar, og dei tre presenterte modellane har alle likskap med ein eller fleire av desse. Felles for desse landa er at dei til like med Noreg har ein godt utbygd primærhelseteneste med portvaktfunksjon, og at dei(kanskje med unntak av Sverige) har ein tilvisingsbasert «slusing» av pasientar inn i andrelinjetenesta.

Rapporten sitt kapittel 4 er sentralt. Her går ein gjennom svar frå pasientar og pårørande, og også frå helsepersonell om korleis desse ønsker ein framtidig reguleringsmodell. Frå pasient/pårørande-perspektivet er det behov for m.a. å:

- bli sett som eit heilt menneske
- møte legar som ser heilskapen
- tilstrekkeleg bemanning, tid og kapasitet
- forutsigbarheit
- god kontakt/kommunikasjon mellom tilvisar (fastlege) og spesialist
- gode helsetenester så nær ein som muleg

Frå tilvisar-perspektivet:

- Rask førstegongsvurdering
- Kort tid mellomførstegongsvurdring og eventuell behandlingsstart
- Noverande modell med kunstig skilje mellom utgreiing og behandling
- Gode og stadardiserte tilvisingar vil lette prioriteringsarbeidet for mottakar
- Spesialistane må vere let tilgjengelege for konferering

Postadresse

Postboks 8001 , 4068 STAVANGER

Besøksadresse

Arne Rettedals gate 12

Telefon: +47 51507090

postmottak.hov@stavanger.kommune.no

www.stavanger.kommune.no

Org.nr: 964965226

- God forventningsavklaring mellom primærhelseteneste og spesialisthelseteneste
- Ønske om pasientsentrering meir enn organfokusering.
- Ønske om at ein ivaretek behova for kronisk sjuke og ikkje skyv ressursane for langt mot nytilvisingar
- Ønsker auka medvit omkring ressurskrevjande pakkeforløp – at desse ikkje tek vekk kapasitet for andre viktige utgreiingar
- Gode IKT-verktøy og digital samhandling

Frå Stavanger kommune vert denne rapporten lest og vurdert først og fremst frå eit kommune- og brukarperspektiv og har følgjande innspel til rapporten:

Alle tre skildra modellar avviker frå dagens modell og representerer kvar for seg interessante regulerings-vinklingar. Som det også vert nemnt i rapporten, er det svært vanskeleg å forutsjå dei økonomiske og bemanningsrelaterte implikasjonane av kvar modell. Alle modellane har som utgangspunkt at pasient og henvisar skal få ein rask nok førstegangsvurdering, så langt som muleg basert på medisinske kriterier.

Stavanger kommune mottok mange tilbakemeldingar frå våre tilvisarar (fastlegar) om høg avslagsprosent ved tilvisingar til psykiatrien, ofte med svarbrev om at kommunen må tilby det nødvendige behandlingsregime innanfor eigen organisasjon. Stavanger kommune ønsker at det skal svært mykje til for overhovudet å avvise ein tilvising til psykiater/psykolog utan ein klinisk vurdering. Dersom det likevel skjer, så må ein ha ein god kommunikasjon mellom poliklinikk/avtalespesialist om kva forventningar og ressursar begge nivå kan ventast å ha.

Stavanger kommune ønsker at avtalespesialistar, særleg innan klinisk psykologi og psykiatri, har eins vurderingspraksis som helseforetaka. Det er store svakheiter i dagens system, dels p.g.a. ukultur, dels p.g.a. manglande samhandling grunna begrensingar i IKT-system.

Det er og viktig at tilvisingar vert gjort stadig betre, har ein større grad av stadardisering, noko som gjerdet lettare for mottakande instans å prioritere.

Stavanger kommune ser svakheiter med dagens 10-dagersfrist for behandling av tilvising. Den er meint for å sikre ein rask vurdering, men fører også til for lite tid for spesialisthelsetenesta til å innhente nødvendig tilleggsinformasjon. Sjansen kan då auke for avvising av tilvisingar grunna kapasitetsproblem meir enn av faglege grunnar.

Med hilsen

Tord Haaland
helsesjef

Lise Løvereide
saksbehandlar

Eli Karin Fosse
direktør

Vedlegg

Kopi til:

Klikk her for å skrive inn tekst., Klikk her for å skrive inn tekst.

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur